

Årsrapport hjort – Bjørnafjorden kommune 2025:

Overordna forvaltningsmål


Kommunen har fastsett forvaltningsmål for hjortepopulasjonane i kommunen i [Hjorteviltstrategi Bjørnafjorden kommune - 2023 - 2033](#) : Kommunen er delt i 2 av Bjørnafjorden og har litt ulike forvaltningsmål for hjortepopulasjonane på aust og vestsida av fjorden.

Dei overordna forvaltningsmåla som er fastsett der er :

- Hjortepopulasjonen skal reduserast med 40 – 50 % i Bjørnafjorden vest og 30 – 35 % i Bjørnafjorden aust.
- Forbetre kjønnsfordelinga med meir vaksne hanndyr i høve hodyr – Sett kolle per bukk - 1,5
- Auke gjennomsnittlege slaktevekter for dei ulike årsklassane

Avskyting og bestandsutvikling 2011 – 2025:


Tildelte og felte hjort i perioden



Figur 1 viser tildelte fellingsløyve og tal felte hjort på venstre akse og fellingsprosent på høgre.

Forvaltningsstrategien har mål om auka uttak og tildelingane er auka mykje frå 2022 men fellingstala har ikkje auka og fellingsprosenten har gått ned. For kommunen samla er fellingsprosenten siste 3 år på 74 %. For kommunen samla gjekk avskytinga etter ein topp i 2021 med 1.149 felte noko ned og vidare ned til 1.052 felte i 2025 og ein har såleis ikkje klart målet om auka avskyting.






Figur 2 syner tal felte hjort for Bjørnafjorden aust og vest på venstre akse og for Bjørnafjorden samla på høgre.

Som figuren syner så vert hovudtyngda av hjorten i kommunen felt i austre delen. Her har fellingstala dei seinare åra lege kring 800 felte hjort i året. For vestre delen har fellingstalet tilsvarande lege kring 300 felte hjort i året. For austre delen hadde fellingstala ein markert topp i 2021 for deretter å gå noko ned. For vestre delen var det og ein topp i 2021 men her har fellingstala halde seg på same nivå i åra etter. I austre delen gjekk fellingstalet vidare ned i 2025 medan ein i vestre delen hadde ein liten auke. Då uttaket i austre delen utgjer hovudtyngda så gjer reduksjonen her at det for kommunen samla er ein tydeleg reduksjon i 2025. Fellingsprosenten i austre delen har siste 3 år vore minkande med eit gjennomsnitt for siste 3 år på 71 %. For Bjørnafjorden vest har den vore litt aukande med 81 % siste året og gjennomsnitt for siste 3 år er 79 %.

Andel kalv og ungdyr i jaktuttaket:




Figur 2 viser kor stor del kalv og ungdyr har utgjort i % av det samla jaktuttaket for dei 2 delane av Bjørnafjorden kommune.



Kalv har i austre delen av kommunen utgjort ein større del av jaktuttaket enn i vestre delen. I aust har det sidan 2018 utgjort kring 30 % og for siste 3 år har kalv utgjort 31,5 %. For vestre delen har kalv auka noko dei seinare åra og har siste 3 år utgjort 28,2 % som er noko under forvaltningsmålet om minst 30 % av det totale jaktuttaket. For fjorkolle så har ein mål om at det skal utgjere 18 – 20 % og det har siste 3 år utgjort 16,0 % i vestre delen og 19 % i austre delen av kommunen. Spissbukk skal i fylgje avskytingsmålet utgjere under 15 % og det har utgjort 15,4 % i vestre delen og 16,1 % i austre delen.

Eldre dyr i jaktuttaket




Figur 3 viser andelen eldre dyr i jaktuttaket i % av samla jaktuttak for dei 2 delane av kommunen.

For eldre dyr så har avskytingsplanen i forvaltningsstrategien mål om at eldre hodyr skal utgjere over 25 % av jaktuttaket. I vest har eldre hodyr utgjort ein aukande del av uttaket dei siste åra og har for siste 3 år utgjort 26,4 % som er i samsvar med målet. I austre delen har ein ikkje hatt nokon auke av eldre hodyr i uttaket og siste 3 år har det utgjort 21,2 % av jaktuttaket.

Eldre hanndyr har for heile perioden ovanfor utgjort ein minkande del av uttaket i begge områda. Målet i forvaltningsstrategien er at det skal utgjere maksimalt 12 % av jaktuttaket. Siste 3 år har eldre hanndyr utgjort 14,0 % i vestre delen og 12 % i og i austre delen av kommunen. For kommunen samla har eldre hanndyr siste 3 år utgjort 12,6 % av uttaket.



Kjønnsfordeling i samla jaktuttak




Figur 4 viser fordeling av jaktuttaket på kjønn for alle årsklassar samla.

Avskytingsmålet i forvaltningsstrategien er at ein skal ha ei overvekt av hodyr i jaktuttaket. For Bjørnafjorden aust har ein hatt dette ei god tid medan det i vest har vore noko meir varierende. I vest er hodyrdelen auka betydeleg sidan 2023 og har for dei siste 3 åra utgjort 59 %. I aust der ein lenge har hatt ei god overvekt av hodyr har dette gått noko ned siste åra og har siste 3 år utgjort 54 %. Ein avskytinga har såleis vore i samsvar med avskytingsmålet i begge områda. For kommunen samla så har hodyr utgjort 55 % sidan 2023.

Data frå Sett hjort registreringar:

Sett hjort per jegerdag:




Figur 5 viser Sett hjort pr jegerdag i utmark på venstre akse og tal felte hjort på høgre for kommunen samla.



Trenden (stipla line) for heile perioden samla er aukande noko som tyder at ein lenge har hatt vekst i populasjonen. Dei 4 – 5 siste åra er indeksen med litt årlege variasjonar rimeleg stabil.

Det kan vere tilhøve knytt til jaktutøving og registrering av sett hjort som er ulike mellom område Ein kan difor ikkje direkte samanlikne indeksane for Sett hjort per jegerdag mellom område og nytte det til uttrykk for bestandsstorleik. Dei kan og utifrå tilhøve knytt til observasjonstilhøve (vær, sesongtrekk mv) variere ein del mellom år utan at det skuldast bestandsmessige endringar. Det dei kan nyttast til er å sjå etter endringar (trendar) over fleire år




Figur 6 syner ideksen for Sett hjort per jegerdag ved utmarksjakt for perioden 2017 – 2024 for Bjørnafjorden kommune samla og for vestre og austre del av kommunen.

Om ein ser på indeksen for ein kortare periode enn i figur 5 så er trenden (stipla liner) minkande anten ein ser på kommunen samla eller dei 2 delane kvar for seg. Dette tyder at ein har hatt ein mindre reduksjon i populasjonane i begge delane av kommunen dei seinare åra.

Avskytinga har vore auka ein god del i same perioden med ei god overvekt av hodyr. Ein skulle såleis kanskje forvente at indeksen synte større teikn til reduksjon. Bruk av termiske kikkertar for å finne hjort har dei siste åra vorte meir og meir vanleg. Dette er med å effektiviserer jakta og gjer truleg at det vert observert fleire hjort enn utan slike hjelpemiddel. Kor utbreidd bruken av slike hjelpemiddel er varierer ein del. Vestland fylkeskommune har nyleg gjennomført ei undersøking kring bruken av dette og føring av observasjonar. Resultat frå denne tyder at dette etter kvart er vanleg i mange jaktlag og at det vert observert og registrert fleire hjort enn utan slike hjelpemiddel. Dette påverkar indeksen for sett per jegerdag og reduksjonen i populasjonen her er truleg større enn det indeksen tilseier.




Sett kolle per bukk:



Figur 7: viser indeksen for Sett kolle pr bukk ved utmarksjakt for perioden 2017 – 2024 for Bjørnafjorden kommune samla og for vestre og austre del av kommunen.

Trenden for indeksen er minkande i austre delen som tyder at det her vert fleire bukkar i høve koller. Då data frå austre delen utgjør hovudtyngda av registreringane er den og minkande for kommunen samla sjølv om den er aukande i vestre delen. Dette samsvarar godt med avskytinga der ein i austre delen i lengre tid har hatt ei overvekt av hodyr i uttaket enn i vestre delen (Figur 4). Indeksen er likevel framleis høg i begge delane av kommunen og ligg enno eit godt stykke frå målet om 1,5.

Slaktevektar for kalvar og ungdyr




Figur 8: syner gjennomsnittlege slaktevektar for kalvar og ungdyr registrert i Bjørnafjorden

Vektene vil utifrå ulike beitetilhøve variere noko mellom år og slaktevektene for både kalvar og ungdyr har her lenge vore svakt minkande med teikn til stabilisering dei siste åra. Utviklinga har vore rimeleg lik i begge delane av kommunen. Siste året er vektene for alle kategoriane noko auka i høve



føregående år. Dette synest positivt men det er likevel for tidleg til å kunne sei at vektene er aukande i samsvar med målsetjinga.

Oppsummering – status for populasjonsutviklinga



Figur 9 syner kor mange dyr av ulike kategoriar som årleg er felt i perioden på venstre akse og tal felte hjort totalt på høgre akse.

Ein har lenge hatt god vekst i bestanden og talet felte hjort har auka frå 769 i 2016 til 1.149 i 2021 som er året det var felt flest hjort. Dette utgjer ein auke på nær 50 % i løpet av 5 år. Etter 2021 har fellingstala gått litt ned i austre delen av kommunen medan dei har vore stabile i vestre delen (Figur 2). og dei 3 siste åra er det i gjennomsnittet felt 1.089 hjort. Då hovudtyngda (ca 70 %) vert felt i austre delen gjer reduksjonen i avskytinga der at fellingstalet er redusert for kommunen samla sjølv om ein hadde ein liten auke i vestre delen.

Som figur 9 syner så er hovudtyngda av auken i uttaket ein har hatt dei seinare åra gjort ved å ta ut fleire kalvar. Det er ein liten auke av koller og ungdyr medan talet bukk har lenge vore likt. Fordelinga av avskytinga har såleis vore positivt i høve måla om både om å auke gjennomsnittsalderen og å betre kjønnsfordelinga.

Indeksen for Sett hjort per jegerdag tolkar ein utifrå vurderingane kring bruken av nye hjelpemiddel i seinare år til at ein har hatt ein mindre reduksjon i populasjonane i begge områda.

Utviklinga av indeksen for Sett kolle per bukk går rett veg og tyder på at kjønnsforholdet er i betring med fleire hanndyr i høve hodyr. Indeksen er framleis høg og godt over målet om 1,5.

Slaktevektene for kalvar og ungdyr har vore relativt stabile nokre år med ein liten auke i høve føregående år siste året. Dette synest positivt, men om dette er teikn på at ein er på veg mot auke i vektene i samsvar med målsetjinga er det for tidleg å kunne sei noko om. Dette er tilhøve som det trengs ein del år for å kunne oppnå endringar for. Å redusere bestanden, auke gjennomsnittsalderen og betre kjønnsbalansen slik ein har mål om og utviklinga synest å gå mot er dei beste tiltaka for å klare dette.



Reduksjon av hjortepopulasjonen i høve målsetjing

Forvaltningsstrategien (2023 – 2033) har mål om å redusere populasjonen med 40 – 50 % i Bjørnafjorden vest og 30 – 35 % i Bjørnafjorden aust med ein reduksjonsfase på 4 – 5 år der største reduksjonen skal gjerast fyrste 3 år.

Då ein ikkje har noko tal for populasjonsstorleiken er det såleis vanskeleg å gjere noko heilt konkret vurdering av dette. Tildelingane av fellingsløyve har vore auka dei siste åra men avskytinga har ikkje auka tilsvarande. Dette kan tyde at avskytings og reduksjonsmålet har vore vel optimistisk og vanskeleg å gjennomføre på kort sikt.

Utifrå vurderingane av Sett hjort per jegerdag meiner ein likevel å ha hatt ein mindre reduksjon i begge delane av kommunen men denne er eit godt stykke frå reduksjonsmålet i strategien. Då populasjonen er i reduksjon vil ein om ein klarar å oppretthalde ei avskyting som siste åra framover auke reduksjonen år for år. Om ein klarar å auke uttaket vil dette gå raskare, men utifrå føregåande år med rikeleg tilgjengelege fellingsløyve kan dette synest å vere vanskeleg å oppnå.

Magnus Frøyen
Norsk hjortesenter

